



## Innkalling

---

|                  |                   |
|------------------|-------------------|
| <b>Utval:</b>    | Formannskapet     |
| <b>Møtestad:</b> | Kommunestyresalen |
| <b>Dato:</b>     | 31.08.2020        |
| <b>Tid:</b>      | Kl. 12:00         |

---

Gyldig forfall skal snarast meldast til servicetorg og politisk sekretariat på telefon 70 09 50 00 eller [politikk@hareid.kommune.no](mailto:politikk@hareid.kommune.no), som kallar inn vara. Forfallet skal grunngjevast. Varamedlemer møter berre etter eiga innkalling.

Medlemmer som er inhabile i ei sak vert bedne om å gi melding, slik at varamedlemmer kan kallast inn.

Møtet er ope for publikum, bortsett frå når det eventuelt skal behandlast saker som er unnatekne offentleg innsyn.

Saksdokumenta er publiserte på [www.hareid.kommune.no](http://www.hareid.kommune.no).

## Sakliste

| Sak nr. | Sakstittel                                         | Arkivsaksnr. |
|---------|----------------------------------------------------|--------------|
| 96/20   | Godkjenning av innkalling og sakliste              | 20/1680      |
| 97/20   | Godkjenning av protokoll                           | 20/1680      |
| 98/20   | Orienteringar                                      | 20/1680      |
| 99/20   | Referatsaker                                       | 20/1680      |
| 100/20  | Evaluering av felles brannvern i Hareid og Ulstein | 20/1255      |
| 101/20  | Faktureringsrutiner                                | 20/1847      |
| 102/20  | Vedlikehaldsstrategi                               | 19/5455      |

I tillegg vil følgande saker bli ettersendt, seinast torsdag:

- Månadsrapportering
- Brekkane – arealavklaring knytt til offentlig avsett arealføremål innanfor planavgrensinga
- Orientering om Trudvang
- Kommunepsykolog – interkommunal psykologteneste
- Høyring om endring av flagglova

Hareid, 25.08.2020

Bernt Brandal (p)  
ordførar



Vår referanse: 20/1680 20/8794

Saksbehandlar: Erlend Friestad

Dato: 25.08.2020

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 96/20   | Formannskapet | 31.08.2020 |

## Godkjenning av innkalling og sakliste



**Vår referanse:** 20/1680 20/7458

**Saksbehandlar:** Ragnhild Velsvik  
Berge

**Dato:** 30.06.2020

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 97/20   | Formannskapet | 31.08.2020 |

## Godkjenning av protokoll

### Vedlegg:

Protokoll - Ekstra møte i formannskapet - 18.06.2020



**Vår referanse:** 20/1680 20/8795

**Saksbehandlar:** Erlend Friestad

**Dato:** 25.08.2020

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 98/20   | Formannskapet | 31.08.2020 |

## Orienteringar

### Underliggende sak:

| Saksnr. | Tittel                                  |
|---------|-----------------------------------------|
| 36/20   | Orientering byggeprosjekt               |
| 37/20   | Orientering om Hareid innovasjonssenter |



| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 99/20   | Formannskapet | 31.08.2020 |

## Referatsaker

### Underliggende sak:

| Saksnr. | Tittel                                                                                                                                    |
|---------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 12/20   | Vedtak kommunale næringsfond frå MR                                                                                                       |
| 13/20   | 17/2218-25 Ny planretteiar sjø                                                                                                            |
| 14/20   | 20/316-2 Ny rettleiar om Planlegging for spredt bustad-, fritid- og næringsbebyggelse i landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområder |
| 15/20   | Vedk. ruteendring rute 05 Hareid- Ålesund - Valderøy frå 17 august                                                                        |
| 16/20   | Referat frå møtet på Larsnes 120620 (oppdatert)                                                                                           |
| 17/20   | Rådmannsgruppa KD referat Ørsta 2.7.2020                                                                                                  |
| 18/20   | Dokument 2019/0585-10 Klagenemndas avgjørelse sendt fra Klagenemndssekretariatet                                                          |



## Saksframlegg

| Saksnr. | Utval                   | Møtedato   |
|---------|-------------------------|------------|
| 100/20  | Formannskapet           | 31.08.2020 |
|         | Næring- og miljøutvalet |            |
|         | Kommunestyret           |            |

### Evaluering av felles brannvern i Hareid og Ulstein

#### Samandrag:

Denne saka er ei oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i PS 50/20, samt avtale om felles brannvern, mellom Hareid og Ulstein kommunar.

Saksutgreinga og vurderingane er i hovudsak lagt fram slik brannsjefen i det felles brannvesenet har utarbeidd dette. Rådmannen vil v/kommunalsjefen knytte nokre kommentarar til dette og inviterer dei aktuelle politiske utvala til å kome med innspel til korleis evalueringa skal utførast.

#### Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret tar opplysninga i saka til vitande.

## **Saksopplysningar:**

**Den følgjande teksten i kursiv, representerer eit framlegg til prosess i høve den komande evalueringa av felles brannvern i Hareid og Ulstein.**

### **MANDAT EVALUERING AV HAREID OG ULSTEIN BRANNVESEN**

**Innhald:**

1. *Bakgrunn*
2. *Evalueringsstema/område*
3. *Gjennomføring*
4. *Tidsplan*

#### **1. *Bakgrunn***

*I samarbeidsavtalen punkt 11 c står det:*

*Avtalen skal evaluerast ved politisk handsaming i begge kommunar etter at rekneskapen for det andre heile driftsåret er lagt fram.*

*Samarbeidet vart etablert 1.1.2018. Ved kommunestyra si handsaming av rekneskapen for 2019 har vi no kome dit at vi etter avtalen skal evaluere samarbeidet.*

*Hareid kommunestyre har i sak om utvida samarbeid med fleire kommune vedteke å ikkje gå vidare med den saka, men peiker på at samarbeidet mellom Hareid og Ulstein kommunar om brannvernssamarbeidet vert evaluert.*

*Samarbeidsorganet (jmf. punkt 10) har diskutert saka i sitt møte den 19. juni i år.*

#### **2. *Evalueringsstema/område***

*Samarbeidsorganet har diskutert korleis gjennomføre evalueringa, vi vart der einige om å bruke fylgjande tema/område for å avgrense evalueringa*

##### *a.Økonomi*

*Dekker Hareid kommune sin andel etter punkt 8 a i forhold til reelle kostnader. Systemet med investering og at begge kommunene må vedta alle investeringane jmf. punkt 6. Inkludert fordelingsnøkkelen på 62 % til Ulstein og 38 % til Hareid.*

##### *b.Organisering*

*Tema her er leiging, arbeidsmiljø m.m.*

*Korleis fungerer forholdet mellom brannvesenet og samarbeidskommunen (Hareid)*

*Korleis er samarbeidet mellom brannvesenet og dei to kommunale eigdeomsavdelingane.*

##### *c.Teneste*

*Korleis oppfyller brannvesenet si rolle, dekkjer vi krava til kommunane i brannlova § 11.*

##### *d.Lokalsamfunn*

*Kjenner lokalsamfunna i Hareid og Ulstein at dei har eit fungerande brannvesen.*

*Er vil tilstrekkeleg synleg. Når vi publikum med våre kampanjer og anna type informasjon.*



### 3. Gjennomføring

*Samarbeidsorganet kom til at kommunane bør gjennomføre nemt evalueringa i eigen regi.*

*Ser det som teneleg å dele opp evalueringa i dei fire tema i punkt 2 med tilpassa arbeidsform for evalueringa v dei ulike tema.*

#### *a.Økonomi*

*Dette kan gjennomførast som eit prosjektarbeid der økonomikontora i dei to kommunene samt brannvesenet deltek.*

#### *b.Organisering*

*Gjennomføre spørjeundersøking blant tilsette. Innhente uttale frå aktuelle kommunalsjefar og rådmann/komunedirektør.*

#### *c.Teneste*

*Gjennomføre spørjeundersøking blant tilsette. Innhente uttale frå Ambulansetenesta, Politiet og nabobrannvesen.*

#### *d.Lokalsamfunn*

*Gjennomføre spørjeundersøking blant publikum, større indutsti verksemder, særskilde brannobjekt, omsorgstenestene med vidare.*

### 4. Tidsplan

*Mandat utarbeidd før ferien 2020. Referert politisk i begge kommunene i første møte etter ferien.*

*Økonomitema gjennomførast i løpet av september. Då kan vi nytte funna der i eventuelle tiltak til økonomiarbeidet for budsjett 2021.*

*Teneste og Lokalsamfunn gjennomførast i oktober.*

*Rapporten vert samla i oktober og politisk handsama i november/desember.*

### **Vurdering og konklusjon:**

Evalueringa av brannvernsamarbeidet er som kjent nedfelt i samarbeidsavtalen mellom Hareid og Ulstein. Avtalen seier ingenting om kva innhald og omfang evalueringa skal ha. Avtalen seier heller ingenting om kven som skal utarbeide evalueringa.

Kommunalsjefen vurderer det slik at framlegget frå brannsjefen har i seg viktige aspekt, men at framlegget og synest å vere noko ambisiøst i omfang og at det i for stor grad fokuserer på status og historiske hendingar. Vi meiner at ei evaluering også bør kunne seie noko om kor godt rigga samarbeidet synest å vere i høve framtidige utfordringar, altså om ein kan sjå føre seg omstende som på sikt kan utfordre den noverande organiseringa.

Kommunalsjefen vil og rette fokus mot kva aktørar som bør ha hovudansvaret for evalueringa. Ein oppfattar det slik at brannsjefen gjer framlegg om at dei to kommunane skal gjere sine egne evalueringar. Men dette opnar for at evalueringane i for stor grad kan bygge på ulike føresetnader, både når det gjeld fokus, innhald, framdrift og konklusjonar. Det er difor ynskjeleg med ei felles evaluering som til sjuande og sist vert fremja for dei respektive kommunestyra. Spørsmålet vert då om slik evaluering kan gjerast av brannvesenet sjølv, eller om

evalueringa bør gjerast av uhilda aktør. Dette vil i praksis og hovudsakeleg seie at ein må nytte innleigde ressursar, noko som det ikkje er avsett midlar til.

Kommunalsjefen viser til at kommunestyret gjorde særskilt vedtak om evaluering av felles brannvesen og ber om innspel til mandat, omfang og gjennomføring av evalueringa.

Likestillingsmessige sider ved saka:  
Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa:  
Ingen kjende

Miljøkonsekvensar:  
Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar:  
Mulege, men det er ikkje gjort konkret framlegg om økonomiske ressursar i rådmannen si tilråding i denne saka.

Beredskapsmessige konsekvensar:  
Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge:  
Ingen kjende

Kai-Rune Bjørke  
kommunalsjef

Bent Arild Grytten  
rådgjevar



## Saksframlegg

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 101/20  | Formannskapet | 31.08.2020 |
|         | Kommunestyret |            |

### Faktureringsrutiner

#### Samandrag:

I dag fakturerer kommunen kommunale avgifter og eigedomsskatt tre gongar i året. Med utgangspunkt i stadig aukande gebyrsatsar kan terminbeløpa vere krevjande å handtere. For å lette betalingstrykket på innbyggjarane har kommunestyret i budsjettsaka for 2020 bedt administrasjonen å vurdere månadleg fakturering.

#### Rådmannen si tilråding:

Komtek Fleksibel Fakturering framstår som moderne og som den beste løysinga for innbyggjarane. Rådmannen rår til at kjøp av denne løysinga vert lagt fram som eit tiltak i den ordinære budsjettprosessen for 2021.

### **Saksopplysningar:**

I dag fakturerer Hareid kommune kommunale avgifter tre gonger i året, med forfall i mars, juli og november. Ein eignedomsskattesats på tre promille i samband med dagens gebyrnivå på vatn og avløp kan vere vanskeleg å handtere for mange husstandar. Når dette skal fordelast på berre tre årlege terminar ser ein at enkelte får utfordringar med å betale relativt store fakturabeløp. I mange tilfeller må innbyggjarane ut med mellom 6 000 kr. og 8 000 kr. per termin. Kommunen har fått tilbakemeldingar på at dette er krevjande og at fleire kunne tenke seg månadleg fakturering.

Månadleg fakturering fører med seg meirarbeid for administrasjonen samanlikna med dagens ordning. I tillegg til at sjølve faktureringsjobben må gjerast fire gonger so ofte, vil kommunen verte nøydd til å auke ressursbruken på innfordring og ajourhald av kundereskontro. Innbyggjarar betalar både for mykje, for lite eller ikkje i det heile tatt. Økonomiavdelinga si erfaring er at dette ikkje alltid skuldast dårleg betalingsevne. Dette stiller krav til jamt vedlikehaldsarbeid i form av mellom anna manuelle bokføringar, utbetaling av tilgodebeløp og purring på manglande betaling. Totalt sett estimerer kommunen det samla meirarbeidet med ei slik løysing til 20% av ein vanleg stillingsheimel. Legg ein til grunn ei årsløn på 550 000 kr. inkl. sosiale kostnader skapar ei slik ending altså ein årleg meirkostnad på om lag 110 000 kr.

Sjølv om meir innfordringsarbeid i utgangspunktet er negativt, vil det også vere inntektsbringande for kommunen. I 2019 genererte fyrste- og andregangs purringar (høvesvis 70 kr. og 210 kr. per purring) om lag 200 000 kr. i inntekter. Det var på tvers av alle krav, ikkje berre kommunale avgifter. Dersom ein legg til grunn 20% auke i gebyrinntekter som følgje av hyppigare purring av eignedomsavgifter, gir det ein inntektsvekst på 40 000 kr. I den samanheng må det også nemnast at ei arbeidsgruppe nedsett av Justis- og beredskapsdepartementet har foreslått ny inkassolov, der blant anna dagens purregebyr skal halverast. Det er framleis usikkert når dette trer i kraft, men det er truleg snakk om kort tid. Omfanget av denne inntekta er soleis svært usikker.

Eit anna viktig moment er portoutgiftene, som vil auke som følgje av fleire fakturaer og purringar. Til tross for ei aukande grad av digitale forsendelsar er det framleis mange som får tilsendt brev i papirform. Kommunen estimerer ein årleg meirkostnad på 40 000 kr. som følgje av auka portoutgifter ved hyppigare fakturering.

Basert på dei ovanståande faktorane estimerer ein den totale meirkostnaden ved å innføre månadleg fakturering til å tilsvare ei 20 % stilling, om lag 110 000 kr per år.

Under utgreiinga av denne saka har Hareid forhøyr seg med Ulstein. I nabokommunen vart det politisk vedtatt å fakturere seks gonger i året frå og med 2020. Dei har ikkje eksakte tal å vise til, men melder om betydeleg meirarbeid i form av rydding (ajourhald av kundereskontro) og innfordring. I tillegg fortel dei om varierte tilbakemeldingar frå innbyggjarane, der mange faktisk peiker på at fleire fakturaer berre vert meir «styr» å handtere. Saka er sjølv sagt todelt, og kommunen viser også til at enkelte er glade for å få betale i mindre bolkar.

Auka faktureringsfrekvens vil ikkje stille krav til systemrelaterte tilpasningar åleine. Kommunen sitt eignedomssystem, Komtek, tilbyr no ei ny løysing dei kallar Fleksibel Fakturering. Ved hjelp av denne modulen får den enkelte innbyggjar sjølv

moglegheit til å velje antall terminar per år. Leverandøren har utarbeida eit pristilbod med ein eingongskostnad på 74 600 kr, samt ein årleg kostnad på 16 320 kr. eks. mva. Dette inkluderer opplæring og bistand i den fyrste faktureringa. Sula kommune har gått til innkjøp av denne løysinga og har den no til utprøving.

### **Vurdering og konklusjon:**

Slik administrasjonen ser det, har ein tre naturlege alternativ:

1. Månadleg fakturering for alle innbyggjarar.

Denne løysinga er positiv for dei med låg betalingsevne. Truleg vil mange oppleve at det er lettare å handtere tolv mindre beløp framfor tre relativt store, reint økonomisk. Bakdelen, som også Ulstein har fått tilbakemeldingar på, er at ein større fakturaflyt kan vere utfordrande for nokon, rett og slett fordi det blir meir å halde styr på. Det er mange som ikkje nyttar seg av avtalegiro, og dermed må betale fakturaen manuelt kvar måned. Når kommunen ser teikn til vanskar med tre terminar, blir det truleg ikkje betre med tolv. Ut frå mellom anna erfaringane i Ulstein er det påreknelig at fleire fakturaer vil skape meirarbeid både for kommunen og innbyggjarane. Sjølv om hyppigare innbetalingar i utgangspunktet vil vere positivt for likviditeten til kommunen, vil denne effekten vere marginal. Netto kostnadsauke med ei slik løysing estimerer administrasjonen til å vere om lag 110 000 kr. Det må presiserast at denne tallfestinga begrensar seg til kvalifiserte gjetningar. Dette tilsvarar om lag ei 20 % stilling som vi per i dag ikkje har i økonomiavdelinga. Det må derfor gjerast omdisponeringar dersom det skal frigjerast tid til dette.

2. Halde fram med dagens ordning.

Sjølv om enkelte innbyggjarar har ytra ynskje om månadleg fakturering, fungerer dagens løysing relativt godt. Kommunen er behjelpeleg med utsetting eller oppdeling av faktura dersom det er naudsynt. Ordninga er dessutan godt implementert. Innbyggjarane har vorte vand med at det kjem faktura i mars, juli og november. Hyppige endringar av faktureringsrutinene kan potensielt ha ei forvirrande effekt for mange. Utfordringa er sjølv sagt at ein uendra praksis ikkje lettar situasjonen for dei med betalingsvanskar.

3. Komtek Fleksibel Fakturering.

Ei slik løysing er framtidsretta og serviceorientert. Her får den enkelte innbyggjar sjølv velje tal på årlege terminar, skreddarsydd til sine eigne ynskjer og behov. Fleire vil heilt sikkert gå for ein hyppigare frekvens, medan mange nok vil halde fram slik det er i dag. Ein kan difor rekne med at det vil verte noko meirarbeid for kommunen også her, men truleg ikkje like mykje som dersom samtlege skal over på månadleg fakturering. Går ein for dette alternativet vil økonomiavdelinga halde fram med same prosess for import av filer frå Komtek og manuell fakturering frå Agresso. Dette fungerer godt.

Fleksibel Fakturering vil koste 74 600 kr. som eit eingongsbeløp og 16 320 kr. eks. mva. årleg. I tillegg må ein rekne noko meirarbeid for den andelen av innbyggjarane som vel hyppigare fakturering. Administrasjonen reknar dette til om lag 30 000 kr.

årleg. Dette tilsvarar omtrent ei 5 % stilling, noko som er enklare å omdisponere ressursar til.

Likestillingsmessige sider ved saka:  
Ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa:  
Ingen kjende.

Miljøkonsekvensar:  
Ingen kjende.

Økonomiske konsekvensar:  
Fleksibel Fakturering vil koste 74 600 kr. som eit eingongsbeløp og 16 320 kr. eks. mva. årleg. I tillegg må ein rekne noko meirarbeid for den andelen av innbyggjarane som vel hyppigare fakturering. Administrasjonen reknar dette til om lag 30 000 kr. årleg.

Beredskapsmessige konsekvensar:  
Ingen kjende.

Konsekvensar for barn og unge:  
Ingen kjende.

Ragnhild Velsvik Berge  
rådmann

Vegard Selvåg  
konsulent



## Saksframlegg

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 102/20  | Formannskapet | 31.08.2020 |
|         | Kommunestyret |            |

### Vedlikehaldsstrategi

#### Samandrag:

Kommunen har i lengre tid mangla vedlikehaldsstrategi for eigedomsmassen forvalta av kommunal eigedom FDV. Ein ynskjer med denne saka å presentere utarbeidd vedlikehaldsstrategi slik at ein får vedteke ein langsiktig plan for den kommunale eigedomsmassen.

#### Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek vedlikehaldsstrategi for kommunale eigedomar i Hareid kommune slik den ligg føre i vedlegget i denne saka.

**Vedlegg:**

2019 Vedlikehaldsstrategi

2019 Forenkla Energileiing Hareid Kommune

**Saksopplysningar:**

Kommunen har i lengre tid mangla vedlikehaldsstrategi for eigedomsmassen forvalta av kommunal eigedom FDV. Ein ynskjer med denne saka å presentere utarbeidd vedlikehaldsstrategi slik at ein får vedteke ein langsiktig plan for den kommunale eigedomsmassen. Arbeidet med denne vedlikehaldsstrategien har pågått i fleire månadar paralelt med at det har vore arbeidd med tilstandsanalyse på bygga. Tilstandsanalysene er no ferdigstilt og ein vil, med bakgrunn i disse, leggje fram ein vedlikehaldsplan som vil danne beslutningsgrunnlag i vidare budsjettprosessar.

**Vurdering og konklusjon:**

Ein vurderer det som viktig at ein no får på plass ein strategi for korleis ein på ein god måte oppnår målsetninga om at eigdomsforvaltninga skal vere verdibevarande, berekraftig og effektiv. Vedlikehaldsetterslepet som i dag kjenneteiknar eigedomsmassen i Hareid kommune er omfattande. Skal ein ta tilbake kontrollen over eigedommane og bevare dei store verdiane som ligg i dette, er langsiktig planlegging påkrevd.

Rådmannen vil difor tilrå at kommunestyret vedtek vedlikehaldsstrategi for kommunale eigedomar i Hareid kommune slik den ligg føre i vedlegget i denne saka.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: Vil gå fram av komande vedlikehaldsplan

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende